

Litterær grunnforskning

Nathalie Sarraute gav sjelegransking eit nytt litterært uttrykk, no framifrå omsett og presentert av Elin Beate Tobiassen.

KORTPROSA

NATHALIE SARRAUTE:

Bruken av ord

OMSETT AV ELIN BEATE TOBIASSEN
SOLUM FORLAG 2016

SAKPROSA

ELIN BEATE TOBIASSEN:

Storm i et vannglass. Nøkler til Nathalie Sarrautes forfatter- skap.

SOLUM FORLAG 2016


Under ein avslappa samtale mellom to vener høyrer den eine med eitt at den andre, midt i taleflaumen, kallar han «vesle ven». Orda treffer han som ein elektrisk støyt, men han prøver å halde tråden i samtalen. Men brått lèt han berre som om alt er greitt, for noko har skjedd. Men kva?

Dette minner kanskje om ei scene i ei Carl Frode Tiller-bok, men dømet er henta frå kortprosasamlinga *Bruken av ord* som vart skriven for snart 40 år sidan i ein heilt annan stil. Forfattaren er Nathalie Sarraute, eit sentralt namn i krinsen som lanserte den litterære retninga best kjend under nemninga fransk nyroman.

MOTSETT AV UNDERTEKST

Denne rørsla frå 50-talet ville fri litteraturen frå metafysikken – også slikt som førestillingar om eit einskapleg «eg». Sarraute brukte difor ei dialogisk form kor mange stemmer møttest – igjen ein likskap med Tiller, og som han, skreiv ho også for teateret.

I det vidgjetne litterære manifestet *Mistankens tidsalder* gjorde Sarraute opprør mot tanken om at litteratur skal fortelje sterke historier om truverdige litterære karakterar. Hennar prosjekt likna meir humanistisk grunnforskning; i staden for å teikne opp livaktige scener med murrande undertekst, skriv ho fram alt det som vanlegvis ikkje blir sett ord på, helst gjennom anonyme personar og bagatellmessige hendingar.



Dei små stubbane viser kor mykje ein kjenslevar forfattar kan sjå og oppleve der andre seglar trygt og blindt av garde i etablerte konvensjonar og sjølvbilete.

Spontane, indre reaksjonar på sanseintrykk kalla Sarraute «tropismar», eit ord lånt frå botanikken. På same måte som ein blome reagerer på vind og vær, kan eit menneske opne seg, lukke seg eller kome i opprør av sjølv enkle fakter og ord. Dei

ti korte tekstane i *Bruken av ord* granskar det som rører seg i og mellom menneske på eit førverbalt nivå. Tekstane har fått tittel etter orda dei granskar verkna den av – som det kverulerande «Og hvorfor ikke?» eller det befriande ærlege «Jeg forstår ikke».

NÆRTAKANDE

Men Sarraute utforskar ikkje berre psykologiske rørsler, men også spriket mellom ord og røynd. I «Ordet kjærlighet» nyttar ho eit biletrikt språk – ikkje utan ironi – til å vise korleis ordet er for stivna i konvensjonar til å romme alt som skjer frå to framande kjenner ei flagrande spenning mellom seg, til kjærleiken er erkjent, proklamert, feira, tynt til det yste i ekteskapet og kanskje til slutt erklært død – eller kanskje igjen sleppt fri til ein meir anonym eksistens kor slikt som fargen på himmelen og smaken av appelsinsaft, er det viktige.


Dei små stubbane viser kor mykje ein kjenslevar forfattar kan sjå og oppleve der andre seglar trygt og blindt av garde i etablerte konvensjonar og sjølvbilete. Sarraute klarar også å sameine intelligent analyse med eit både vakkert og lågmælt humoristisk språk.

HØGSENSITIV PRESISJON

Bruken av ord er truleg blant det enklast tilgjengelege i Sarrautes forfatterskap, men det intellektuelle særpreget gjer henne til ein forfattar ein får best utbytte av med ein god introduksjon. Det har omsetjar Elin Beate Tobiassen gitt oss i studien *Storm i et vannglass. Nøkler til Nathalie Sarrautes forfatterskap*.

Ho imponerer stort. Tobiassen er forskar som har spesialisert seg på Sarrautes forfatterskap og moderne, fransk litteratur. Både omsetjinga og dei litterære analysane er tydeleg baserte på stor kunnskap samstundes som ho klarer å gjere tolkingane levande og relevante.

Tobiassen brukar karaktertrekket høgsensitivitet som inngang til analysen, noko som på treffande vis karakteriserer ein forfattar som ikkje ser nokon



Nathalie Sarraute (1900–1999). Foto: Jacques Sassier/Gallimard / NTB scanpix

detalj i sjelslivet for liten til å granske, samstundes som ho på sitt stille vis snur opp ned på dei litterære konvensjonane. Sarraute skar vekk alt ho oppfatta som uvesentleg for å kome fram til det spennande; det mylrande indre livet. I dette minner russisk-franske Sarraute om russisk-brasilianske Clarice Lispector, sjølv om sistnemnde har eit langt meir eksplosivt temperament og uttrykk.

Prosatekstane i *Bruken av ord* er særprega og fine, men eg har

hatt nesten større glede av å lese Tobiassens komprimerte og presise forklaringar av tankearbeidet bak og i åtte av Sarrautes verk. Den største complimenten til Tobiassen må vere at boka gav ein akutt trong til å lese meir av Sarrautes ein gong så banebrytande, og framleis originale forfatterskap.

MERETE RØSVIK GRANLUND

Merete Røsvik Granlund er litteraturvitar og fast bokmeldar for Dag og Tid.

NY BOK

I SAL FRÅ
1. JUNI



OTTAR FYLLINGSNES & HARALD HOGNERUD (FOTO)

FÆRØYANE

Langt vest i havet ligg 18 grøne, eineståande vakre øyar. Med sin fantastiske natur og røter i norsk historie trekker øygruppa reisande nordmenn som aldri før.

I *FÆRØYANE* opnar forfattar Ottar Fyllingsnes døra til historie, kultur og kvardag i eit samfunn ikkje så ulikt Noreg. Med stor tematisk breidd og vakre fotografi stiller den uvanlege og informative reiseguiden i særklasse.

For alle med interesse for det særeigne øylandet vil denne letlesne kulturhistoriske vegvisaren vere til stor glede og inspirasjon.



BESTILL PÅ SKALD.NO – VI BETALER FRAKTA

399,-